



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato** 08.05.2018  
**Møtetid:** Kl. 16:00 - 18:35  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnna, Monica	SP

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A	Boge, Harald	A

### Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
- Rådgievar Jan Erik Boge
- Einingsleiar funksjonshemma Birthe Skar-Moum (under sak 020/2018)
- Byggjesakshandsamar Nina Fredriksen (under sak 020/2018)
- Planleggjar Roald Aandahl (under sak 020/2018)

Monica Tjønnna (Sp) møtte kl. 16.15 og deltok ikkje under handsaminga av sak 019/2018.

Dokument som vart delt ut i møtet (alle dokumenta gjeld sak 020/2018):

- Svar frå administrasjonen på bekymringsmelding frå Frp og notat med 36 spørsmål frå Odd Arne Haga (Frp)
- Svar frå administrasjonen på spørsmål frå Olaug Øystese (A)
- Kopi av notat datert 14.03.2017 frå sektorleiar Grete Lill Hjartnes
- Svar på spørsmål frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl)

Dokument vart samla inn etter møtet, med unnatak av notatet frå sektorleiar Grete Lill Hjartnes datert 14.03.2017.

<b>Møteleiar:</b>	Frøland, Knut Harald
<b>Møtesekretær:</b>	Boge, Jan Erik

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 22.05.2018

---

Frøland, Knut Harald  
ordførar

---

Boge, Jan Erik  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
019/2018	18/335	Faste saker	
020/2018	17/345	Status for Prosjekt Bufellesskap på Skottabakken	

## **SAKNR. 019/2018: Faste saker**

### **08.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

#### **Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Ingen merknader.

#### **Godkjenning av protokoll frå førre møte**

Ingen merknader.

### **Orienteringssaker**

#### Ny takst for prestebustaden

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at kommunen har fått ny takst for prestebustaden på Haga. Den nye taksten er 4,75 millionar kroner. Dette er ein høgare takst enn kommunen har fått tidlegare.

#### Status arealplan/datasenter i Børdalen

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om brev frå Fylkesmannen i Hordaland, der han trekker motsegnene sine til arealplanen i Børdalen. Arealplanen kjem opp til endeleg handsaming i kommunestyret 14.06.2018.

#### Spørsmål om vigsel

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han har fått førespurnad om å gjennomføra ein vigsel utanfor kommunen. Han bad om råd frå formannskapet om korleis han skal stilla seg til denne førespurnaden. Det kom ikkje fram sterke synspunkt på dette frå nokon i formannskapet, d.v.s. at det blir opp til ordføraren å ta stilling til førespurnaden.

#### **Utvalet sitt kvarter**

Ingen saker.

### **FORM- 019/2018 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Orienteringssaker vert tekne til orientering.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

## **SAKNR. 020/2018: Status for Prosjekt Bufellesskap på Skottabakken**

### **08.05.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) bad om at det vart teke stilling til om handsaminga av saka skulle gå for lukka dører. Møtet vart lukka medan formannskapet drøfta dette spørsmålet. Møtet vart opna igjen før formannskapet røysta over om saka skulle gå for lukka dører. Formannskapet vedtok samrøystes at handsaminga av saka skulle gå for lukka dører, med heimel i kommunelova § 31.5, jf. offentleglova § 23, første avsnitt. Møtet var etter dette lukka under resten av handsaminga av saka.

Under den lukka delen av møtet orienterte rådmann Charlotte Hageberg om økonomiske forhold knytt til prosjektet med bygging av nytt bufellesskap på Skottabakken. Vidare gjekk representantar frå administrasjonen gjennom dei utdelte dokumenta med svar på spørsmål som var komne inn til møtet. Formannskapet drøfta ulike forhold knytt til prosjektet og stilte òg ein del spørsmål til representantane frå administrasjonen som var til stades i møtet.

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) bad om at når saka om Skottabakken skal opp i formannskapet 31.05.2018, må formannskapet få ein statusrapport om uavklarte plansaker/spørsmål vedrørende Skottabakken.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

### **FORM- 020/2018 Vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen. Det skal truleg heller ikkje gjerast vedtak i formannskapsmøtet 08.05.2018.